

## Informasjon angående koronasmitte 12.03.20 kl.17.00

I dag kom beskjeden om at også alle folkehøgskulane i landet skal stengast ned. Samtidig ber ein om at det vert brukt «sunn fornuft» i samband med dette, og at dei som av ulike grunnar ikkje kan reise heim eller har lang og «smittefarleg» heimveg må få lov til å bu på skulen om det er råd.

Våre elevar er for tida på skiveke på Bjorli, men vil returnere til Ulsteinvik fredag føremiddag før vidare heimreise. I samband med dette vil Sunnmøre Folkehøgskule informere om følgjande:

- Vi har pr.idag ingen sjuke elevar
- Vi tek heim elevane frå Bjorli tidlegare enn planlagt fredag 13.03.20, og dei vart i informert om situasjonen og planane vidare torsdag 12.03.20 kl.16.00
- Det vil bli allmøte med oppdatert informasjon etter ankomst skulen fredag 13.03.20
- Laurdag morgon set vi opp eigne bussar som køyrer mot Oslo, Bergen/Stavanger og Trondheim. Dette for å unngå offentleg transport i størst mogleg grad. Føresette må då plukke opp sine langsetter dei enkelte rutene utover dagen og kvelden.
- Dei elevane som av ulike grunnar ikkje kan reise heim, vil få bu på skulen og må følgje dei retningslinjene som kommunalhelsetenesta gjev. Dei vil få mat og omsorg, men det vil ikkje bli undervisning.
- Stenginga gjeld fram til torsdag 26.mars. Her følgjer vi regjeringa sine retningslinjer.
- Nedstenginga vil ikkje bli registrert som fråvær for elevane, og vil så langt vi veit no ikkje påverke vitnemål, lån eller stipend.

Vi vil kome med meir info dersom retningslinjer eller planar endrar seg.  
For ytterlegare informasjon og spørsmål, ta kontakt:

mob 928 12 216 eller  
e-post [aog@sufh.no](mailto:aog@sufh.no)

Arnt Ole Grimstad  
Rektor